



Jnr. 1095.21  
IRK/thm

Til  
Representantskapsmedlemmer

### **INNKALLING TIL EKSTRAORDINERT REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS**

Det vert med dette kalla inn til ekstraordinært representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

**Måndag 4. oktober 2021, kl. 13.00 på Teams.**

**Då vert føre:**

- Sak 11/21 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste  
Sak 12/21 Val av
- Referent
  - Møteleiar
  - To representantar til underskriving av protokoll
- Sak 13/21 Stifting av Geopark Sunnhordland AS

Sunnhordland, 20. september 2021

Inge Reidar Kallevåg  
Representantskapsleiar

Tora Haslum Myklebust  
dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

**REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS**  
**Måndag 4. oktober 2021 kl. 13.00 på Teams**

**Sak 11/21**      **Opning av møte – godkjenning av innkalling og sakliste**  
Representantskapsleiar Inge Reidar Kallevåg opnar møte.

**Sak 12/21**      **Val av**

- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll, i tillegg til representantskapsleiar

**Sak 13/21**      **Stifting av Geopark Sunnhordland AS**

I slutten av oktober skal Geopark Sunnhordland søke UNESCO status. For å kunne søke UNESCO status, må geoparken være registrert som eige rettssubjekt.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland gjorde i møte 19. mars, sak 08/21 – Geopark Sunnhordland følgjande vedtak:

**Vedtak:**

- *Samarbeidsrådet stiftar eit ideelt aksjeselskap – Geopark Sunnhordland AS innan 1. september 2021.*
- *Samarbeidsrådet går inn med kr. 30 000,- i aksjekapital.*
- *Samarbeidsrådet tilrår at styre består av minimum 3 og max 7 medlemmer, bestående av ein kombinasjon av politisk kompetanse og nettverk og fagkunnskap innan både reiseliv og geologi/arkeologi. I tillegg bør fylkeskommunen vera representert.*
- *Samarbeidsrådet bed administrasjonen utarbeida forslag til stiftingsdokument og selskapsavtale.*
- *Samarbeidsrådet bed administrasjonen sende søknad om midlar til kommunane med utgangspunkt i fordelingsnøkkel ref. alternativ nr. 3.*
- *Fordelingsnøkkel skal evaluerast innan 3 år.*

Det har i etterkant synt seg at det er Representantskapet med 2/3 fleirtal som kan stifta eit dotterselskap under Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, ref. §14 i selskapsavtalen vår:

*§ 14 Representantskapet kan med 2/3 fleirtal etablere dotterselskap under SRS IKS. Dotterselskapet i denne samanheng er selskap der SRS IKS har minst 50 % av eigarskapet. Eit dotterselskap kan ha kva lovleg selskapsform som helst, så sant krava til eige rettssubjekt er stetta.*

I møte i Samarbeidsrådet 3. september 2021 vart det gjort følgjande vedtak i sak 27/21 Geopark Sunnhordland – stiftingsdokument:

1. *Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at representantskapet etablerer dotterselskapet Geopark Sunnhordland AS.*
2. *Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at forslag til stiftingsdokument, vedtekter og aksjeeigarbok vert godkjent.*
3. *Samarbeidsrådet for Sunnhordland gir arbeidsutvalet fullmakt til å vera valkomité og føreslå styresamansetjing for Geopark Sunnhordland AS.*
4. *Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at representantskapet gjev fullmakt til at styreleiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek seg av det praktiske i samband med etableringa av Geopark Sunnhordland.*

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland handsama saka i møte 3 . september 2021, sak 09/21.

Når det gjeld tilråding av styremedlemmer i Geopark Sunnhordland AS fatta styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland følgande vedtak:

*Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland gir arbeidsutvalet fullmakt til å vera valkomité og føreslå styresamansetjing for Geopark Sunnhordland AS til representantskapet.*

Styrekandidatar er gjennomgått og godkjent av Arbeidsutvalet. Føreslått kandidatar finn ein i stiftingsdokumentet, og følgande kandidatar vært såleis godkjent i punkt 2 i framlegg til vedtak som følger under her.

**Styret sitt vedtak:**

1. Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at Geopark Sunnhordland AS vert etablert.
2. Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at stiftingsdokument, vedtekter og aksjeeigarbok vert godkjent.
3. Styret rår til at representantskapet gir styreleiar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim fullmakt til å ta seg av det praktiske i samband med etableringa av Geopark Sunnhordland AS.

**Styret bed Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland gjera følgjande vedtak:**

1. Representantskapet godkjenner at Geopark Sunnhordland AS vert etablert.
2. Representantskapet godkjenner stiftingsdokument, vedtekter og aksjeeigarbok.
3. Representantskapet gir styreleiar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim fullmakt til å ta seg av det praktiske i samband med etableringa av Geopark Sunnhordland AS.